debatt@klassekampen.no
KRONIKK &DEBATT

Den som haster, kommer for sent til det meste

HAUK

DAGENS SUKK

Så lenge finanssektoren blir skjerma, vil krisa halde fram.

La børsane stupe!

Rune Skarstein

KRON OG MYNT



ILLUSTRASJON: KNUT LØVÅS KNUGUNN@ONLINE.NO

Av diskusjonen i media kan ein få inntrykk av at berre Hellas og Italia blir kvitt sine dårlege politikarar og gjennomfører budsjettinnstrammingane føreskrivne av EU og Det internasjonale pengefondet (IMF), vil «marknadene» (som subjekt!) bli blide og problema med statsgjelda vil forsvinne. For ein illusjon! Krisa i den vestlege kapitalismen er resultatet av interne prosessar over lang tid, ikkje av «ytre sjokk» som er dei nyklassiske økonomane si standardforklaring. Og den ytrar seg på fleire måtar som heng nært saman.

Eit viktig aspekt er at USA i alle år sidan 1976 har hatt store underskot på handelsbalansen og dermed ei stadig aukande gjeld overfor utlandet. I 2009 var USAs netto utanlandsgjeld på 8206 milliardar dollar (tilsvarande 58 prosent av BNP), medan Kina hadde amerikanske statsobligasjonar for over 800 milliardar dollar. I oktober 2011 var Kinas valutareservar komne opp i 3200 milliardar dollar, hovudsakeleg i dollar. Kina er blitt USAs suverent største kreditor.

USAs handelsunderskot blir reflekterte serleg gjennom store underskot på det føderale budsjettet, som blir dekte ved sal av statsobligasjonar. Gjennom desse sala blir dollarmengda utanlands skapt gjennom handelsunderskota resirkulert til USA. Netto utanlandske kjøp av amerikanske statsobligasjonar nådde ein førebels historisk topp på 963 milliardar dollar (tilsvarande 6,7 prosent av BNP) i 2008. Denne veldige dollarflommen resulterte i sterkt auka likviditet i USAs finanssektor, og var ein viktig stimulans for veksten i refinansiering av bustadlån som dreiv opp konsumetterspørselen ved stagnerande reallønningar. Låna vart forvandla til ulike typar kredittderivat som vart kjøpte opp av bankar og andre finansinstitusjonar i USA og Europa. Denne prosessen innebar ein kolossal overakkumulasjon av finanskapital som førte til den internasjonale finanskrisa i 2007–2009.

Det blir hevda at dei europeiske statane si gjeldskrise skuldast ein «uansvarleg finanspolitikk» over lang tid. Med delvis unntak for Hellas er det ikkje sant. Statsgjeldskrisa i eurolanda har to årsaker: For det første dei kolossale, statlege hjelpepakkane til finanssektoren, og for det andre den meir langsiktige ulike produktivitets- og kostnadsutviklinga i eurosona. Samla sett er eurosonas utanrikshandel i balanse, og den totale statsgjelda som prosent av samla BNP mykje mindre enn i USA.

Men euroen har vore ei gullgruve for Tyskland. Gjennom ein restriktiv lønnspolitikk ved høgt reallønns- og produktivitetsnivå har Tyskland styrka sin konkurranseposisjon overfor resten av eurosona. I åra 2002–2008 steig dei gjennomsnittlege lønnskostnadene pr. produsert eining med berre 2,7 prosent i Tyskland, mot 26,2 prosent i Hellas, 29,6 prosent i Spania og 16,5 prosent i eurosona samla.

Tysklands handelsoverskot med eurosona auka frå 63,8 milliardar euro i 2002 til 139,9 milliardar i 2009. Då var Tysklands totale handelsoverskot på 117,6 milliardar euro. Det betyr at overskotet med eurolanda finansierte underskot med andre land, serleg Russland og Kina. Denne prosessen innebar at dei «svakare» euroøkonomiane måtte ta på seg ei aukande utanlandsgjeld.

«Euroen har vore ei gullgruve for Tyskland»

Gjennom dei statlege hjelpepakkane til bankane vart krisa overført frå den private finanssektoren til den offentlege velferdssektoren og arbeidarbefolkninga. Dette, kombinert med ein ekspansiv finanspolitikk for å motverke arbeidsløysa, førde til ein kraftig auke i gjelda til dei såkalla PIIGS-statane. Dermed fekk den forvaksne finanskapitalen ei ny profittkjelde: Den tyske økonomen Walther Otremba har rekna ut at bankane i dei siste tre åra har kassert inn over 100 milliardar euro i «risikopåslag» på lånerenta betalt av desse statane. Det tilsvarer ein tredel av Hellas si totale statsgjeld.

EU og IMF krev at PIIGS-statane set i verk store lønnskutt, strammar inn velferdsutgifter og pensjonar, reduserer offentleg sysselsetting og privatiserer offentleg eigedom for å betale gjelda. Dette er krav om ein deflasjonspolitikk som vil føre til lågare etterspørsel og produksjon, auka arbeidsløyse, lågare skatteinntekter, meir fattigdom og veksande desperasjon i befolkninga. Men deflasjonspolitikken fjernar ikkje overakkumulasjonen av finanskapital. Så lenge den hypertrofiske finanssektoren blir skjerma, og det ikkje skjer ei omfattande nedskriving av finansielle aktiva med sletting av gjeld (som må innebere eit varig børsfall), vil krisa halde fram.

Rune Skarstein,
tidlegare førsteamanuensis ved NTNU
rune.skarstein@svt.ntnu.no

Økonomane Ali Esbati, Morten Jerven, Erik S. Reinert, Rune Skarstein og Maria Walberg skriv onsdagar i Klassekampen.

PÅ TEPPET

Påkjenninger

VG Nett brukte mandag **fire journalister** og nettets uendelige dybder til å intervjue **ni (!) VG-medarbeidere** om deres tanker og følelser under møtet med **Anders Behring Breivik** i Oslo tingrett.

Blant mange rystende bekjennelser kan nevnes krimjournalist **Jarle Brenna**, som **ikke legger skjul på at det var spesielt å møte Brevik ansikt til ansikt for første gang.**

Tegnerveteranen **Harald Nygård** fikk seg for sin del en overraskelse, ved at **Brevik ikke så ut som et uhyre.**

Støttegruppe er opprettet.

Humoranalyse

Wanted

På noe som kaller seg **Twitter**, verserer følgende påstand: «**På teppet» i Klassekampen er aldri morsomt.**

Vi veit hvor du bor.

Skummelt

I vår treffsikre serie **Undervurderte Samfunnsproblemer** er vi i dag kommet fram til **statsminister Jens Stoltenberg,** som **snek i køen** under signering av kondolanseprotokoll i Universitetets aula etter 22. juli.

Skumle planer?

Dagens Næringsliv bringer den sjokkerende avsløring at **Stoltenberg signerte protokollen før stortingspresident Dag Terje Andersen,** selv om statsministeren har rang etter både Kongen og stortingspresidenten.

Det neste blir **statskupp.**

Gode navn

Årvåken leser i Porsgrunn gjør oppmerksom på at byen har en psykolog ved navn **Anne Britt Sorger**, så vel som psykiateren **Johannes Dysthe**.

teppet@klassekampen.no